

Språkrådet

Oslo, 24. april 2023

## Svar på høyring om framlegg til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk

Me vil fyrst takke for høvet til å svara på høyringa. I framhaldet kjem me berre til å koma med merknader til punkt 3 og 4.

### Merknad til 3.1

Det er ei god løysing å ha valfridom i ubunden form eintal mellom hub og hubb, spot og spott. Og me helsar elles velkomen ei tilsvarande normering for bag(g) og liknande ord. Er det noko i vege for å ta inn *bag* – *baggen* – *baggar* – *baggane* som valfri bøying no, altså om ein so ikkje får teke ut bøyinga med *bagen* – *bagar* – *bagane*?

### Merknad til 3.2

Me har ingen andre merknader enn at me tykkjer det er eit gode for stabiliteten og tradisjonen at ikkje noko kjønnt vert teke ut frå nynorsken. Men ein bør kanskje vurdere om det er noko tydingsskilje mellom *ein* og *ei* låt. Står ein heilt fritt til å velja å skrive *poplåta*, men *fuglelåten*?

### Merknad til 3.3

Her òg meiner me det er eit gode for stabiliteten og tradisjonen at ikkje noko vert teke ut.

### Merknad til 3.4

Kaskjett/kasjett/kaskett er i det heile ikkje særleg frekvent, det er difor føremålstenleg at det vert norvagisert på same viset som andre importord.

### Merknad til 4.1

Me vil tala imot framlegget om å ta inn *sjåast* i presens som valfri form attmed *sest*. Her har me eit par motsegner, den fyrste er at det bryt med det nynorske systemet og soleis er med på å løysa det opp. Om ein har *sjåast* som normert presensform, kan ein fort setja spørsmålsteikn ved om *møtast*, *treffast* og *minnast* òg skal vera greie å nytte i presens. Ein bør ha in mente at nynorsken er eit mindre bruka språk enn bokmål, og at

bokmålsdominansen har sitt å seia for kva former som stundom kan verte bruka ukritisk på nynorsk. Det er tydeleg at *sjåast* er ei form som er laga i analogi med bokmål *sees/ses* – *sees/ses*. Her gjer det seg elles å sitere *Nynorsk i NRK frå A til Å* av Sylfest Lomheim frå 1994: «**sjåast** – er ein språkleg bastard, direkte omsett frå ‘sees’. *Me sjåast* kan berre gå viss det er spøkefullt meint. Korrekt nynorsk er *me snakkast, eg ser deg snart, me møtest*. *Sjåast* kan brukast med modalt hjelpeverb føre: *Saka kan sjåast på to måtar*.» Dette er langt frå den einaste kjelda der «me sjåast» er kome på trykk i omtale av rang bruk av verbet.

Me kan elles spørja om kor vanleg *sjåast* er i målføra, det er vel heller nytt at ein helsar farvel med «sjåast». I målføre med fleirtalsbøying vert det òg naturlegvis den vanlege fleirtalsforma i presens. Men vert det bruka i nokon som helst annan samanheng enn i helsingar? Ser ein til dømes at «elgen sjåast so vidt blant trea»?

Me meiner altso at nynorsk, som er eit monaleg mindre bruka språk enn bokmål, bør ha eit sterkare systemvern. Rettskrivingsnorma er fyrst og fremst ei ramme for korleis nynorsken kan sjå ut i læreverv, NRK og staten. Me trur ikkje det er eit gode å føre inn eit systembrot som *sjåast*, det kjem berre til å gå ut over bøyinga av andre -ast-verb.

Med helsing frå

Håkon A. Remøy  
på vegner av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Mobil: 99 44 20 02

E-post: [h.remoy@samlaget.no](mailto:h.remoy@samlaget.no)